

## **Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014**

*Innspel frå medlemmane:*

**Kristian Helleand** (KrF) oppmoda partia om å orienterer kvarandre om forslag til endringar i saker som skal opp til politisk handsaming i forkant av møta.

**Anne-Beth Njærheim** (V) minna om at møte i Kultur og ressursutvalet i april vart den 9. og ikkje 8. april som tidlegare oppsett.

**Anne-Beth Njærheim** (V) sette fram forslag om at det vart halde eit 2 dagars møte i kultur- og ressursutvalet der tilskotsmottakarar, særst dei som får tilskot gjennom budsjettvedtak, kan koma og presentera seg for utvalet. Utvalet støtta forslaget, og administrasjonen vil førebu eit slikt møte i tilknytning til utvalet sitt mai eller juni-møte.

**Anne-Beth Njærheim** (V) ønskte at administrasjonen kunne gje ein statusrapport for arbeidet med ny regional kulturplan.  
Fylkesdirektør for kultur og idrett orienterte.

*Delt ut i møte:*

Hefte/kart *Vestkystparken* – Bergen og omland Friluftsråd

Notat til Festspillenes møte med statsråd Thorild Widvey 5.2.2015 – Festspillemene i Bergen